



AUFERA AS
Mangersnesvegen 72
NO 5936 MANGER

Vedtak om samtykke og gebyr

Behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9

Gnr 45 bnr 264 - Radøy - Idrettsvegen 1A - Manger - Aufera AS - bruksendring

Vi viser til søknaden motteken her 06.02.2020 om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 fra Taule Bygg AS.

Arbeidstilsynet har lagt følgjande dokument til grunn for sakshandsaminga:

- Skjema nr. 5177 «Søknad om Arbeidstilsynets samtykke» av 16.12.2019
- Notat der det vert gjort greie for tiltaket
- Kopi av byggesøknad – skjema nr 5174
- Planteikning
- Opplysningar/dokumentasjon motteke 12.03.2020
 - Brev med tilleggsopplysningar av 19.02.2020
 - Dokumentasjon – kontroll av brannteknisk prosjektering
 - Dokumentasjon for klima og luftkvalitet – utfylt sjekkliste nr. 444 med tabell for luftmengdeberekning frå BKS Industri AS
 - Fasadeteikningar

Søknaden omfattar endra bruk av tidlegare butikklokale til arbeidslokale for yrkeshemma – VTA-tilsette. Det vert opplyst at det er 22 tilsette som omfattar både VTA-tilsette og arbeidsleiarar i verksemda. Aktiviteten som vil gå føre seg her er:

- treavdeling med produksjon av treprodukt,
- vaskeri
- kjøken med produksjon av bakevare
- kafe med salg av vare

Omsøkt areal er på 750 m² og lokale ligg i underetasje med tilkomst frå bakkeplan.



Arbeidstilsynets vurdering

Vi har i saka gjort ei vurdering av følgjande aktuelle arbeidsmiljøfaktorer sett hen til krav:

Inneklima, forureining

I motteken dokumentasjon går det fram at lokala vil planleggast med balansert mekanisk ventilasjon. Anlegget er slik vi oppfattar dimensjonert sett i forhold til krav og anbefalinger. Ut fra motteken luftmengdeberekning går det fram at ventilasjonsbehov er vurdert ut ifrå personbelastning, type arbeid og areal. Basert på framlagt dokumentasjon, vil valgt ventilasjonsløysing kunne oppfylle krav til klima med hensyn til temperatur, fuktighet, trekk, forureining og luftkvalitet, jf. arbeidsplassforskriften § 2-14. Sjå nærmere om krav her: <https://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veileddning-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke/krav-til-ventilasjon/?tid=258457>

Støy, etterklang, maskiner og utstyr

Det er i saka gitt opplysningar om tiltak som er planlagt. Vi har vurdert krav som ivareteke. Sjå nærmere om krav her <https://www.arbeidstilsynet.no/regelverk/forskrifter/arbeidsplassforskriften/2/2-16/>

Varemottak/logistikk

Det er i saka gitt opplysningar om plassering av varemottak og logistikk i lokala. Vi har vurdert krav som ivareteke. Sjå nærmere om krav her <https://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veileddning-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke/krav-til-arbeidsmiljo-ved-oppforing-eller-ombygging-av-kjopesenter/#Varemottak>

Dagslys og utsyn

Det går fram av planane at det ikkje er tilgang til dagslys og utsyn frå alle arbeidsplassane slik det vert stilt krav om i «Arbeidsplassforskrifta» § 2-10. Det er i saka gjort greie for bruken av dei enkelte rom og funksjonar. På denne bakgrunn finn vi at krav til dagslys og utsyn likevel vurderast ivareteke. Sjå nærmere om krav her <https://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veileddning-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke/krav-til-dagslys-og-utsyn/?tid=258707>

Personalrom, dusj, toalett og matrom

Det er planlagt med kjønnsdelte garderobe med låsbare skap, dusj og toalett som er tilpassa alle tilsette i verksemda. I tillegg er det tilgang på HCWC både for tilsette og kundar/besøkande. Det planleggast med eiga kantine for tilsette. Sjå nærmere om krav her <https://www.arbeidstilsynet.no/regelverk/forskrifter/arbeidsplassforskriften/3/>

Arbeidstilsynets vedtak

Arbeidstilsynet gir med heimel i arbeidsmiljølova § 18-9 samtykke til planane.

Samtykket blir gitt på bakgrunn av dei opplysningane og planane som låg føre på tidspunktet for vedtaket. Samtykket er ikkje ei godkjenning av lokala eller arbeidsplassen. At Arbeidstilsynet gir samtykke til planane, betyr ikkje at tilsynet går god for at alle krav til det fysiske arbeidsmiljøet er tatt vare på. Det er tiltakshavaren/arbeidsgivaren som har ansvaret for at lover/forskriftskrav blir følgde, og at arbeidsmiljøet er tilfredsstillande under bruk.



Innbetaling av gebyr

Ifølge forskrift om utforming og innretning av arbeidsplassar og arbeidslokale § 9-1 og forskrift om administrative ordningar på Arbeidstilsynets område § 14-1 skal det betalast gebyr til Arbeidstilsynet ved behandling av søknader etter arbeidsmiljølova § 18-9 første ledd. Gebrysatsen er avhengig av kva type tiltak det er snakk om, og størrelsen på bygget. For nærmare informasjon om gebyrordninga, sjå www.arbeidstilsynet.no/gebyr.

Ut frå opplysningane i søknaden har vi plassert tiltaket i kategori 3c og fastsatt gebyret til kr 12662,-.

Faktura blir send i eiga sending til deg som tiltakshavar til denne adressa: Aufera AS, Idrettsvegen 1A, 5936 Manger. Faktura merkast med prosjektnr. 10122019. Dersom gebyret ikkje er betalt innan fristen, vil kravet bli drive inn med tvang og med tillegg av kostnadsgebyr.

De kan klage

De kan klage på dette vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker frå de får dette brevet. De kan ikkje reise søksmål før klageåtgangen er prøvd jf. forvaltningslova § 27b. For nærmare informasjon om klageinstans, framgangsmåte ved klage, rett til å sjå saksdokumenta og søksmål, sjå www.arbeidstilsynet.no/klage.

Gi informasjonen vidare til verneombodet

Verneombodet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet. Vi ber derfor om at de som arbeidsgivar gir ein kopi av dette brevet til verneombodet. Dersom verksemda ikkje har verneombod, gir de kopien til representanten for dei tilsette.

Sjå arbeidsmiljølova §§ 6-2 sjette ledd og 18-6 åttande ledd.

Behov for meir informasjon?

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og krav til arbeidsmiljøet på www.arbeidstilsynet.no, eller de kan kontakta oss på telefon 73 19 97 00.

De kan svare på dette brevet og/eller sende inn dokumentasjon til oss digitalt via [eDialog](#). Les meir på www.arbeidstilsynet.no/post.

Vi ber om at de viser til vår referansen 2020/9473 ved seinare kontakt/korrespondanse i denne saka.

Med helsing
Arbeidstilsynet

Tommy Pedersen
Seksjonsleder

Annlaug Lid Krumsvik
Seniorinspektør

Dette brevet er elektronisk signert.



Arbeidstilsynet

VÅR REFERANSE
82513/2020

4

Kopi til:

RØDØY KOMMUNE

Rådhuset

8185

VÅGAHOLMEN